

NM-vinnande skulekorps til Uskedalen.

05.01.2016



NM-jubel i Stavanger. Fitjar skulekorps til topps i NM.

Uskedal skulemusikk har hatt fin utvikling siste åra. Det krev tid, innsats og målretta arbeid for å byggja eit godt korps. I denne prosessen er Fitjar skulekorps komne svært langt, og under NM for skulekorps i Stavanger i juni i 2015, gjekk like godt korpset heilt til topps i 2.divisjon. Imponerande, og dei bør såleis vera gode førebilete for korpset vårt.

Til helga kjem Fitjar skulekorps til Uskedalen, og dei skal ha helgeseminarsaman med Uskedal skulemusikk. Ein flott start på vårsesongen. Fitjar skulekorps har gått gjennom ein imponerande oppbyggingsprosess etter at Svein Roger Koppang overtok dirigentpinnen i korpset for nokre år sidan. Dei har arbeidd svært godt og målretta, har delteke jamnleg i konkurransar, og resultata og det musikalske nivået har vorte betre og betre. Toppen nådde dei då dei gjekk heilt til topps i 2.divisjon under NM for skulekorps i Stavanger sist sommar. Det vert heilt sikkert inspirerande for våre musikantar å ha seminar saman med denne gjengen.

Den flotte innsatsen er verkeleg sett pris på, og korpset mottok Fitjar kommune sin kulturpris i 2015, og her er ein del av grunngjevinga:

Fitjar skulekorps er gode ambassadører og representerer bygda vår på ein framifrå måte. Nitidig arbeid frå musikantar, dirigent og foreldre har gjeve resultat og korpset har i år oppnådd historiske resultat og mange har fått augene for Fitjarbygda når dei har høyrt og sett korpset.

Korpset kjem til Uskedalen fredag, og seminaret startar fredag kveld. Det vert øving heile laurdag og søndag føremiddag før det vert avslutta med konsert søndag kl.13.00. Det er veldig kjekt at Fitjar skulekorps tar turen her til Uskedalen, og det vert heilt sikkert ei flott og utviklande korpshelg! Som eit lite appropos nemner eg at det er frå dette korpset Uskedal skulemusikk har henta den gode idéen med adventskalenderar.



Skulemusikken under julekonserten i Uskedal kyrkje.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Fitjarposten og Hans Ordin Østebø